

Detaljreguleringsplan gnr. 91 bnr. 174 m fl. hht. pbl § 12-3)

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
2021005	XXX	xx.xx.2022	Stranda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Planområdet omfattar heilt eller delvis eigedomane:

Gnr. 60 bnr. 4, gnr. 60 bnr. 24, gnr. 60 bnr. 44, gnr. 60 bnr. 45,
gnr. 91 bnr. 181, gnr. 91 bnr. 174, gnr. 91 bnr. 198, gnr. 91 bnr. 183, gnr. 91 bnr. 217, gnr. 91 bnr. 218
og gnr. 91 bnr. 242

I nord: Grensar til kremmargjølet og elvefaret mot sjø

I aust: Over campingplassen vidare til sjø retning Korbrekke/Bygdaelva

I sør: Grensar til eller går dels inn på fylkesveg 5920

I vest: langs eigedomsgrensa mellom gnr. 60 bnr. 4 og gnr. 60 bnr. 2 og vidare over gnr. 60 bnr. 4 mot Kremmargjølet.

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHEITSSOMRÅDE**

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bebyggelse og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)

- Fritidsbusetnad, område ("FRH")
- Industri ("IND2")
- Andre kommunalteknisk anlegg (Pumpestasjon "PS3")
- Forretning/Industri (F/I")
- Forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål ("F/T/F")

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg ("V")
- Fortau
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkeringsplassar ("P")

Vegetasjonsskjerm VG (pbl. § 12-5, nr. 3)

- Grønstruktur ("o_VG")

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (pbl. § 12-5, nr. 5)

- LNRF-areal

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandline (pbl. § 12-5, nr. 6)

- Naturområde

Sikringssone (pbl. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Støysone (pbl. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)

- Støy, raud sone i samsvar med T-1442 (H210)
- Støy, gul sone i samsvar med T-1442 (H220)

Faresone (pbl. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Skredfare (H310, H310-1, H310-2)
- Flaumfare (H320)
- Brann og eksplosjonsfare (H350-1, H350-2, H350-3, H350-1-1, H350-2-2, H350-3-3)
- Høgspenningsanlegg (H370)

Sone med særskilde omsyn (pbl. § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring av naturmiljø (H560)

Bandleggingssone (pbl. § 11-8 d, jf. § 12-6)

- Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Føresegningsområde (pbl §12-7)

- Utforming

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

- Planområdet er omfatta av fare for overfløyning av flodbølge etter fjellskred. Oppskyllingshøgde for Åknesrenna kan oppstå til kote 85 og vil omfatte heile planområdet.
- For å ivareta personsikkerheita er det ein føresetnad for bygging og bruk av bygningar og anlegg at det til ei kvar tid ligg føre ein tilfredsstillande og øvd beredskap for sanntids-overvaking, varsling og evakuering. Effektkrava til varsling og evakuering går fram av TEK § 7-4, høvesvis 72 og 12 timar.
- Beredskap knytt til evakuering av bygningar og anlegg og terminering av drift skal vere innarbeidd og synleggjort i overordna beredskapsplan i regi av ansvarlege styresmakter.
- Som del av søknad om tiltak skal det ved vidare utbygging innan dei enkelte næringsareala (her utanom regulerte areal til fritidsbusetnad, forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål) dokumenterast at plan for evakuering er innarbeidd i verksemda si driftsrutine.
- Verksemdar vert å stengje dersom vilkåra om beredskap i pkt. b ovanfor ikkje er oppfylt. Sameleis når ansvarleg styresmakt har sett i verk varsling og evakuering.
- Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. For område som er omfatta av faresone H310* gjeld særskilde krav, jf. TEK § 7-3. For område som er omfatta av faresone H350* gjeld særskilde krav. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med TEK § 5-2 og då slik at parkeringsareal inngår i utrekningsgrunnlaget, jf TEK § 5-7. Som grunnlag for berekning av BYA skal 1 parkeringsplass reknast som 20 m² bebygd areal.
- BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Om ikkje BYA er spesifisert for dei enkelte arealføremåla/delområda gjeld areal etter tillaten byggjegrense som grense for maks BYA.
- Med mindre anna er fastsett under dei ulike arealføremåla gjeld pbl sine generelle reglar vedkomande maks gesims- og mønehøgde.
- For bustadbebyggelse skal parkering utomhus skal reknast inn i grunnlaget for BYA. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- Ved bygging på utfylde masser eller ved vidare utfylling skal grunnen si bæreevne dokumenterast i høve omsøkt tiltak.
- Bygningar skal ha min. golvhøgde kote NGO 2,70 NN2000 (stormflod med klimatilpassing). Bygningar på området F/I-1 skal ha min. golvhøgde NGO 3,0 meter NN2000. I tillegg kjem naudsynt høgde for å ivareta sikring mot bølgeverknader. Bølgeverknader med tilhøyrande tiltak skal utgreiast/dokumenterast i byggesak. Avvik frå dette vert å handsame ved dispensasjonssøknad der konsekvensar må vere utgreidde og kompenserte tiltak innarbeidde.

- l.** Fundamentering av bygningar og anlegg skal dimensjonerast i h.h.t. opptredande masser/berg mv.
- m.** Innanfor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar, eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.
- n.** Ved søknad om godkjenning av oppføring av bygning med takflate over 1000 m² skal søknadsobjekt illustrerast i 3D modell der også kringliggjande bygningar vert vist. Omfang av modell vert å avklare med kommunen i kvar sak.
- o.** Det skal ikkje førast opp plashallar eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.
- p.** Før kritisk infrastruktur som trafokioskar, pumpestasjonar, basestasjonar og liknande kan byggast, skal kommunen vurdere om forsvarlege løysingar utanfor fareområde kan nyttast. Kommunen kan i vurderinga også legge vekt på driftmessige og økonomiske forhold.
- q.** Parkeringsdekning for dei enkelte bruksføremåla skal ikkje vere mindre enn slik det går fram av kommunen si gjeldande vedtekt til pbl § 69.
- r.** Skilt, transparentar, reklameinnretningar m. v. skal utformast i samsvar med kommunen sine gjeldande skiltvedtekter.
- s.** Verneverdiar for kulturmiljø (pbl § 12-7 nr. 6)
Automatisk freda kulturminne.
Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk fredakulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeidet straks stogkast og kulturminneforvaltninga bli straks varsla. Ansvarret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på staden. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

§ 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (pbl. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Anlegg som krev særleg utforming etter funksjon og som ikkje kan reknast som bygning, skal skjermast med terrengmessige- eller andre fysiske tiltak. Omfang avklarast med kommunen gjennom søknadshandsaminga i kvar enkelt sak. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Med mindre anna er fastsett i desse føresegnene skal parkeringsbehovet dekkjast på eige areal, i samsvar med ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

2. Fritidsbusetnad, område FRH1

I område merka “FRH” kan det førast opp bygg for fritidsbusetnad. Innan område FRH1 kan inngå ein mindre del naust. Tilkomst til sjø kan ikkje etablerast for areal som grensar til verneområde. I området FRH1 kan bygningar ha ei gesims- og mønehøgnd innan rammene til plan- og bygningslova.

Det skal setjast av 2 parkeringsplassar for kvar buening innanfor planområda. For naust skal setjast av 0,5 P-plass pr. eining. Før utbygging innan områda skal det utarbeidast og godkjennast ein detaljplan i samsvar med pbl § 12-3 jf. elles desse føresegnene §13. Planområdet skal inngå i plan for tilgrensande område F/T/F. Maks bebygd areal BYA er 75 % inkl. parkeringsareal.

3. Industri, fellesbestemmingar for områda IND og F/I

- a.** Som tiltak i høve brann – og ulykkesberedskap gjeld:
 - Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn ut over kommunal kapasitet.
 - Brannalarmanlegg skal vidarekoplast til 110 sentral
 - Bygning/bygningsdel med fleire etasjar skal ha røykventilasjon
 - Verksemd har plikt til å etablere industrivern/eigenberedskap

- Utbyggar skal ved plassering og utforming av bygg ta særleg omsyn til smittefare ved brann. Det skal leggest vekt på å nytte brannhemmande materialar.
 - Verksemdar som bygg på/utviding eller endrar produksjon og lagerkapasitet (endra brannbelastning) må legge fram ny prosjektering av brannsikkerheita.
 - Det vert elles vist til gjeldande krav i pbl/TEK.
- b.** Det kan ikkje etablerast verksemd som på grunn av støy eller anna forureining, som etter kommunen sitt skjøn, vil kunne vere til vesentleg ulempe for omkringliggende bustadområde, næringsområde m. v. Det skal ikkje etablerast verksemd innanfor området som medfører utvendig støy som overskrider grensene fastsett i retningslinje T-1442 frå Miljøverndepartementet.
- c.** I tillegg til industri kan etablerast kontor til bruk til administrasjon i den enkelte verksemd, jf. også TEK § 7-3.
- d.** Anlegga sin art, utforming og plassering skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av kommunen. Kommunen kan fastsette at verksemdar som ein meiner vil føre med seg særlege ulemper, vert vist til bestemte deler av arealet eller andre industriområde.
- e.** Bygningar innanfor områda skal først opp i branntrygge materialar. Generelt viser føresegnene til teknisk forskrift til PBL kap. IV vedkomande målreglane av gesims- og mønehøgde.
- f.** Ved utforming av fasadar og takflater skal material og farge veljast med grunnlag i at bygningen inngår i tettstaden sitt uttrykk. Kommunen skal godkjenne taktekking, fasadematerial og farge som del av godkjenning av tiltak.
- g.** I områda vert det ikkje gjeve løyve til å føre opp bustadbygg eller bygning med husvære. Kommunen kan gjere unntak for husvære for vaktmeister o.l. dersom vilkåra under er oppfylt:
1. Helserådet gjev samtykke.
 2. At husvære ikkje er i konflikt med bestemmingane knytt til faresonene 350-1, 350-1-1, 350-2 og 350-2-2 i det aktuelle området.
 3. Støy på fasade for nytt husvære skal tilfredsstillende grenseverdier i tabell 2 i T-1442. Dersom husvære først opp i gul støysone, skal husvære skal ha tilgang til stille side, og tilgang til stille eigna uteoppholdsareal. Minst eitt soverom skal ha åpningsvindu mot stille side. Husvære skal ikkje først opp i raud støysone.
- h.** Lossing og lasting av varer skal skje på eigen grunn.
- i.** Avkøyrslar frå eigedom til offentleg veg skal så langt råd samordnast ved felles avkøyrslar for minst to eigedomar. Avkøyrslar til fylkesveg skal godkjennast av statens vegvesen.

4. Industri, område IND2

For del av IND2 kan bruksføremålet også vere vegserviceanlegg. Maks bebygd areal BYA er 50 %.

5. Forretning og industri, område F/I

Innan områda F/I-1, F/I-2 og F/I-3 kan etablerast verksemdar med bruksføremål forretning, industri og vegserviceanlegg.

Innan F/I-1 kan i tillegg etablerast anlegg for produksjon og lagring av hydrogen, jf §13 Brann og eksplosjonsfare (H350). Ved etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen innan F/I-1 området, skal tilhøyrande tiltak som sikringsvoll og gjerde etablerast. Utforming av voll og gjerde skal følgje prinsippa som vist i illustrasjonsplan og snitt, teikningane: L70-10-01 og L-70-40-01. Naudsynt opphalds- og sanitærbygg kan etablerast.

Ved etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen og oksygen innan F/I-1 området, kan det ikkje etablerast annan bruk i konflikt med denne bruken på området.

I områda skal bygning ha ei gesims- og mønehøgde som ikkje overstig 9 meter.

Innan forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. kan tillatast. Det kan ikkje tillatast bygg med bruksareal over 5.000 m².

Innan område F/I-1 og F/I-2 er maks bebygd areal BYA lik 75 %.

Innan område F/I-3 er maks bebygd areal BYA lik 50 %.

22. Pumpestasjoner, sanitæranlegg, PS

Innan områda PS kan etablerast spillvasspumpestasjon med tilhøyrande overbygg. Bygning kan kombinerast med offentleg toalett, ev. tømme-stasjon for spillvatn frå bilar kan knytast til. I tillegg kan det plasserast avfallscontainer (som inngår i den kommunale renovasjonsordninga) på området. Maks bebygd areal BYA lik 75 %.

25. Forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål F/T/F

I område merka “F/T/F” kan nyttast til bygg- og anlegg innan forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål. Før utbygging innan området skal det utarbeidast og godkjennast ein detaljplan i samsvar med pbl § 12-3, jf. elles desse føresegnene §13. Planområdet skal inngå i plan for tilgrensande område FRH1.

Som følgje av detaljplan kan formålgrensa mellom F/T/F-området og FRH-området endrast. Bygningar elles skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8 meter. Samla for området gjeld maks BYA lik 75 %.

§ 7 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- Køyreveg (“V”)
- Fortau
- Parkeringsplassar (“P”)
- Avkøyrslar

I tillegg til vist trafikkkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar, fyllingar og grønabattar mellom køyrebane og gangfunksjon. Vegskjeringar og fyllingar kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap 16.

Avkøyrslspilene viser ca. plassering, køyreretning og tall nye avkøyrslar til eigendomen frå tilgrensande veg.

Avkjørsler skal utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100

Korsbrekkeelva naturreservat: Ved bygging av fortau/gangveg som ligg langs Korsbrekkeelva naturreservat skal kommunen syte for at fyllingsfot eller andre tiltak ikkje kjem innanfor grensa til naturreservatet.

§ 8 – VEGETASJONSSKJERM

Grønstruktur, (“VG”)

I område for grønstruktur merka «VG» kan det etablerast grøntområde. Som del av støy-/sikringsvoll knytt til verksemd innan område F/I-1 skal del av voll inngå på området. Området skal plantast til med vegetasjon tilpassa området og vollen sin funksjon, jf. også §16.

§ 9 LNRF-areal for naudsynte tiltak for landbruksdrift og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden.

Innan desse områda er det berre tillate å føre opp bygning som har direkte tilknytning til landbruk som primærnæring. Vilkår knytt til aktuelt fareområde gjeld. På arealet kan leggjast veggroft knytt til offentleg veg.

§ 10 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

Naturområde i sjø

Formålet omfattar sjøareal som inngår i Korsbrekke naturreservat. Arealbruken er nærmare definert i «Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal».

§ 11 – SIKRINGSSONE (pbl. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone er vist med sikringssone, kode H140. I vegkryss må frisiktsone ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 12 – STØYSONE (pbl. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)**Støysone (H220):**

Støysoner i samsvar med T-1442:

Raud støysone er vist som omsynssone, kode H210. Gul støysone er vist som omsynssone, kode H220.

Støy på fasade for ny bustadbebyggelse skal tilfredsstillende grenseverdier i tabell 2 i T-1442.

Dersom bustader/husvære først opp i gul støysone, skal bebyggelsen ha tilgang til stille side, og tilgang til stille eigna opphaldsareal ute.

Minst eitt soverom skal ha åpningsbart vindu mot stille side.

Bustadbebyggelse skal ikkje først opp i raud støysone.

§ 13 – FARESONE (pbl. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)**Skredfare (H310):**

Planområde omfatta av fare for skade ved skred er merka med faresone på plankartet, kode H310, delt i område for sikringsklasse for skred i hht rapport frå NGI nr 20140357-01-R. Viser også til skriv frå Åknes/Tafjord Beredskap IKS av datert 20.2.2012.

På plankartet er vist linjer med grensene for største nominelle årlege sannsyn 1/100, 1/1000 og 1/5000.

Skredfarlege område er delt i 3 soner: H310, H310-1 og H310-2 i hht krava fastsett i TEK10 §7-3.

Sikkerheit mot skred, andre ledd.

Omsynssone	Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
H310	Ingen byggetiltak	Ikkje godkjent byggeområde	>1/100
H310-1	S1	Forbod mot utbygging av byggeverk i sikkerheitsklasse S2 og S3	1/100 – 1/1000
H310-2	S2	Forbod mot utbygging av byggeverk i sikkerheitsklasse S3	1/1000 – 1/5000

Hydrogenanlegget skal tilfredsstillende sikkerheitsklasse S3 og etablerast utanfor eksisterande faresoner for skred med gjenntaksintervall 1/5000.

Flaumfare (H320):

Alle område innanfor planen opp til kote 85 NN54 er omfatta av fare for fjellskredgenererte flodbølger frå Åkneset i Storfjorden, og er merka med faresone på plankartet, kode H320.

Fareområdet for eit skred med største nominelle årlege sannsyn 1/1000 følgjer kote 35 og er merka på plankartet med faregrense og tekst.

Område omfatta av fare for stormflo, areal som ligg under kote 2.70 NN2000, er vist som illustrasjon og følgjer kote 3 med stipla blå strek på plankartet.

Kotehøgde	Største nominelle årlege sannsyn	Konsekvens
Under kote 35 NN54	>1/1000	All utbygging skal vurderast i hht. unntaksvilkåra i TEK §7-4
Over kote 35 NN54	1/1000 – 1/5000	Utbygging av byggeverk i sikkerheitsklasse S1 og S2 er tillate

For plassering av byggeverk i tryggleiksklasse vert vist TEK kapittel 7.

Brann og eksplosjonsfare (H350):

Faresoner knytt til brann- og eksplosjonsfare:

Generelt viser vi til «Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap» si avgrensing av lovlege tiltak innan risikosoner med risikokontur frå 10^{-5} pr. år til utanfor sone med risikokontur pr. år 10^{-7} .

Faresonene H350 vist på plankartet, gjeld for produksjon og lagring på anlegget innan område F/I-1 slik:

Hydrogenanlegg med produksjonskapasitet på inntil 1300 kg hydrogen i døgnet. Det skal til ei kvar tid ikkje vere meir enn 2000 kg hydrogen lagra på anlegget.

Vertikalnivå 2: Gjeld frå grunnivå til kote +7 meter NN2000

Sone H350-1(indre sone: innanfor 10^{-5} pr. år risikokontur) : I denne omsynssona tillatast berre etablering av installasjonar knytt til hydrogen- og oksygenanlegg samt naudsynte driftsfunksjonar.

Sone H350-2 (midtre sone: mellom 10^{-5} pr. år til 10^{-6} pr. år risikokontur): I denne omsynssona kan det ikkje tillatast husvære for vaktmeister o.l., jf. føresegnene §3 g) framføre.

Sone H350-3 (ytre sone: mellom 10^{-6} pr. år til 10^{-7} pr. år risikokontur):

- I denne omsynssona kan det tillatast husvære for vaktmeister o.l., jf. føresegnene §3 g) framføre og
- Fritidsbusetnad jf. §6 pkt. 2 over.

Utanfor sone H350-3 kan tillatast tiltak i samsvar med det aktuelle reguleringsføremålet.

Vertikalnivå 3:Gjeld frå kote +7 meter NN2000 og høgare.

Sone H350-1-1: bestemming som for H350-1.

Sone H350-2-2: bestemming som for H350-2.

Sone H350-3-3: bestemming som for H350-3.

Høgspenningsanlegg (H370): Faresone høgspenningsanlegg

§ 14 – SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (pbl. § 11-8 c, jf. § 12-6)**Bevaring naturmiljø (H560):**

For bevaring av naturmiljø viser vi til FOR-20002-11-08-1235:

«Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal».

§ 15 – BANDLEGGING ETTER LOV OM NATURVERN (pbl. § 11-8 d, jf. § 12-6) (H720):

For bandlegging etter lov om naturvern viser vi til FOR-20002-11-08-1235:

«Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal».

§ 16 – BESTEMMELSESOMRÅDE, JORDVOLL, MED ANGITTE SÆRLEGE BESTEMMINGAR (pbl. § 12.7)

Støy- og sikringsvoll er markert på plankartet med RpBestemmelsesGrense . Byggehøgde skal vere 4 meter over planert byggeområde på F/I-1 området ved bygging av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen og oksygen. Prinsipp for utforming av vollen er vist på teikningane L-70-10-01 Illustrasjonsplan og L-70-40-01 Prinsippsnitt voll mot elva. Illustrasjonane leggst til grunn som prinsipp, men justerast som følgje av detaljprosjektering. Vollen revegeterast og sikrast med flettverksgjerde. Øvrig sikring mot flaum frå nordaust er ikkje nødvendig. Som sikring mot bølger frå søraust må det byggast ein voll eller mur opp til høgde +2.8 meter NN2000, eller tilsvarende høgde av terreng.

§ 17 – ANDRE JURIDISKE LINJER (pbl. § 12-7)

- a. Gjerde (sosikode 1235) og støttemur (sosikode 1228) . Vist linje for gjerde på voll vist på eigedomane gnr. 91 bnr. 174 og 242:
 - langs fv5920: kan sideflyttast inntil 1 m mot vest som følgje av nærmare detaljprosjektering
 - langs grøntområde o_VG: kan sideflyttast ± inntil 1 m som følgje av nærmare detaljprosjektering
- b. Gjerde (sosikode 1235). Vist med linje mot vest og sør på eigedomen gnr. 91 bnr. 242
 - Kan førast opp i høgde inntil 2,5 m rekna frå ferdigplanert utomhusareal/driftsareal. Gjerde kan sideflyttast inntil ± 1 m og høgdejusterast ± 0,5 m som følgje av nærmare detaljprosjektering. Gjerde si form kan vere tett, jf. illustrasjonar som følgjer planframlegget.

§ 18 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (pbl. § 12-7)

- a. Før vidare utbygging kan tillatast innan områda IND2, F/I-1, og F/I-3 og o_P7 skal noverande vegkryss mellom Fv5920 og den kommunale vegen «Gamlevegen» utbetrast. Utbetringa skal tilfredstille funksjonskrav i Statens vegvesen si handbok N100. Utbetringa skal vere ferdigstilt før tiltak innan områda F/I-1 og o_P7 kan takast i bruk.
- b. Ved etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen innan F/I-1 området skal:
 - Det etablerast sikringsvoll for demping av støy, sikring mot fare for brann og eksplosjon og sikring mot bølgeverknader frå austleg retning jf. §16 over.
 - Tilstrekeleg brannberedskap skal etablerast ved å supplere kommunal vasstilførsel med eiga lokal løysing (tank).
 - Etablerast interne tiltak for handtering av overvatn ved infiltrasjon i grunnen. Anlegget dimensjonerast i hh.t. forventa endringar i nedbørsregime og venta ekstremnedbørsmengder.
 - Ovannemnde tiltak skal vere ferdigstilt før hydrogen- og oksygenanlegget setjast i produksjon.

Som vernetiltak for sikring mot potensiell avrenning av forureinande stoff skal det i anleggsfasen:

- gjennomførast løpande oppsamling av plast og evt. annet avfall i massane
- etablerast grøft, i aksen som grenser mot Fylkesvegen og Korsbrekke naturreservat, som fangar opp eventuell plast og partiklar.
- leggest ut siltgardin i sjøen ved behov for transport av masser langs Fylkesvegen
- vatning av masser ved behov for å hindre støv

Stranda kommune, 0x/0x/2022

Utkast: 18.11.2022

Revidert:

ordførar

rådmann